

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
063/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Alverland SA - Søknad til opparbeiding av marknadshage i Alver

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad til opparbeiding av marknadshage i Alver* får ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalseiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg:

Prosjektet *Søknad til opparbeiding av marknadshage i Alver* blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Framlegget frå Stian Lavik vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Lavik sitt framlegg fekk 6 røyster og vart samrøystes vedteke.

ND- 063/21 Vedtak:

Prosjektet *Søknad til opparbeiding av marknadshage i Alver* blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Alverland er eit samvirkeforetak. Bransje: 01.410 Melkeproduksjon på storfe. Registrert 20.01.2021. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Vestland fylkeskommune har som mål å auke grønsaksproduksjonen i regionen, og det satsast på marknadshage-modellen. Ein marknadshage er småskala grønsaksproduksjon kor produkta vert omsett gjennom marknadskanalar for lokalmat. [Bondens marknad](#) samarbeider tett med Norsk landbruksrådgiving og Statsforvaltaren i Vestland om å stimulere til fleire marknadshagar i Vestland gjennom kurs, webinar og markvandringar.

Alverlands Grøde vil bli ein av Alver sine første marknadshagar, drive etter regenerative prinsipp med fokus på god jordhelse. Ein marknadshage er ein arealeffektiv dyrkningsmetode, med ein stor variasjon av grønsaker (20-40 kulturar) med høg kvalitet og verdi. Direktesal vert den økonomiske beryjelken i prosjektet, i hovudsak gjennom REKO-ringen og lokale abonnementsordningar.

Prosjektleveranse/Målsetting

Søknaden gjeld støtte til å opparbeide marknadshage. Jorda som skal dyrkast på har lagt brakk i over 40 år. I 2021 skal det gjerast om ca. 450 kvm av denne til starten på marknadshagen. Dette stykket treng inngjerding og fleire grunder, samt diverse mindre utstyr til produksjonen, vatningsanlegg, handverktøy, kåldukar,

emballasje mm. Dette året er teståret, med moglegheit for litt direktesal frå garden om avlingar vert bra. I 2022 er tanken å utvide og gjere større investeringar.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad til opparbeiding av marknadshage i Alver	410 000	55 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Alverlands Grøde_soknad-2021-0091_28 apr 2021	1573530
14.06.2021	21_Alverlands Grøde_soknad-2021-0091_Vedlegg_28 apr 2021	1573531